

Om menn og mus

EG HAR EIN haldbar ektemann. Med andre ord ein som eg tykkjer det er verd å halde på, og som det heller ikkje er særleg vanskeleg å halde på. Han er sjølvsagt ikkje heilt vedlikehaldsfri, men med litt hjelperåder av kjemisk og teknisk art, er han absolutt også noko for framtida.

Det er snart 40 år sidan eg valde han eg ville ha, over ein lengre periode. Det er ikkje utan grunn at eg skriv at eg valde. I innleiinga var nemleg han nærast ein overrumpla og undrande tilskodar til det heile. Altså: eg valde han (av grunnar eg kanskje kjem attende til), og eg overtydde han om at eg var den rette for han. Dette gjorde eg så grundig at spørsmålet aldri kom opp til vurdering. Av han.

Det er skilnad på menn og mus, men det er ikkje alltid lett å vite kva som er kva i første omgang. Eg har opp gjennom åra studert menn på ymse vis, og har såleis ein stor database oppi "haudet" mitt om menn og museum. Nokre av dataene har blanda seg med eigenproduserte fordommar.

Det gjer ikkje noko, for meg er alt objektive sanningar.

EKTE MENN veit at dei er det, og treng ikkje synleggjere det. Du ser dei ikkje ein sur haustdag i Strand-

gata med opa skjorte nesten ned til navlen. Dei har ikkje eit gullsmykke som nesten er skjult av lett grånande brysthår. Nei, ekte menn kler seg etter vèret, og er menn sjolv med hua langt ned-over øyra.

Ekte menn er snille, og trur ikkje at å vere mild er feminint. Museummenn trur dei veks ved å vere buldrande fossar. Men desse buldrande fossane er korkje imponerende å sjå på, eller nyttige for kraftindustrien. Snille ektemenn er det mest haldbare som finst.

Ekte menn er spennande. Dei treng ikkje hive seg utfor stup i hangglider for å vere det, men dei kan gjere det. Dei lagar ikkje sirkus for deg, eller tek deg med i ei evigvarande berg- og dalbane. Nei, dei er spennande i seg sjolv, i tankar, visjonar og kreative idear. Det beste med slike menn er at spenninga i dei ikkje avheng av fysiske tilhøve hos dei sjolve eller i miljøet rundt.

Ekte menn kan gråte. Dei treng ikkje sippe støtt, men dei kan. Dei kan felle ei tåre når dei får sjå barnet sitt for første gong, når Stålsett held tale i gravferda til Wenche Foss og når Brann vinn fotballkampen 16. mai.

EKTE MENN er ikkje blaserte. Dei let seg begeistre av ein liten skogfiol som tittar fram mellom

visna bregner, Therese Johaug som gå frå alle på 3-mila, buekorpsset som vekker minner frå ungdommen, eller varm neslesuppe laga av nesle plukka i hagen. Museummenn har lagt seg til noko dei meiner er ei verdsvan mine som skal fortelje oss at: "Eg har då opplevd og sett mykje meir imponerende ting enn dette!"

EKTE MENN har hjarte for andre enn dei aller næraste. Dei kan gå gjennom Nygårdsparken og ha vondt av desse bebuarane der som står med sine plastposar, hustrande og nesten øydelagde av rusmiddel. Dei tenkjer ikkje at desse er ei skam for oss "skikkelege", noko vi burde sleppe å sjå. Nei, dei veit at det kanskje berre tilfeldigheter som gjer at ikkje det barnet ein heldt i armene sine for 20 år sidan, er ein av dei som står der. Museummenn står der heller ikkje med plastposen og med sprøytes-tikk på kroppen. Men dei meiner at samfunnet må fjerne dei frå vårt heilage åsyn.

Og akkurat no kjenner eg medynk med alle museummenn. Noko har gjort dei til det. Noko har teke frå dei evna til å vere ekte menn. Men dette er ei heilt ana sak, og den vil eg ta føre meg ein annan gong.

Denne gongen var det snakk om ekte menn, og særleg min ektemann. Trur eg.



Eva Skomsø Svanøe

Honoraret går til Nyenga barneheim i Uganda

fritt levert...

Sabba godt sagt

■ MIGE

Pisse, tisse, urinere, late vatnet

Uttrykk:

Han måtte attom nova for å mige.

Han måtte gå bak huset for å pisse.

Ordet er urnorsk og er kjent frå norrønt mål, *miga*. Substantivet mig tyder då sjølvsagt urin eller piss.

■ MOLE

Ein bit, ein del, ein smule. (Uttale: *måle*)

Uttrykk:

Det gjekk opp i mola alt i hop.

Det smuldra opp i småbitar alt saman.

Endå eit ord som er urekte norsk, på norrønt: *moli*. Det kan brukast både om ein del av ei fjøl eller til dames ei krukke; ein del av eit vegstykke. (Døme: *Det er ikkje lange molen att*, det er ikkje lange vegbiten igjen før vi er framme...)


Som verb heitte det på norrønt, *mola*, og det tyder å knuse i småbitar, smuldre opp noko.

Begge er ord som er kjende for den eldre generasjonen i Sunnfjord og Nordfjord, men som truleg kjem til å forsvinne heilt frå det norske språket.

Send inn

■ Send inn ord og uttrykk, med forklaring og kva geografisk område uttrykket er samla inn i frå. Bruk e-post: redaksjon@firdaposten.no.

■ På nett: <http://sabba.origo.no>



Sann nokon **Lunde**